



Saksframlegg

Sakshandsamar	Arkiv	JournalpostID
Helene M. Ohm	K1 - 002	16/4273

Saksnr	Utval	Dato
040/16	Kommunestyret	22.06.2016

Kommunestruktur - endeleg vedtak

Vedlegg

1. Oversikt over politiske vedtak i kommunereformprosessen i Finnøy
2. Folkerøysting kommunereform - endeleg resultat

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret tek sikte på at Finnøy kommune som del av kommunereforma går inn i ein ny og større kommune. Bakgrunnen er den lokale reformprosessen i Finnøy 2014-2016 og folkerøysting 08.06.2016.
2. Kommunestyret viser til intensjonsavtale av 10.05.2016 med Stavanger og Rennesøy. Kommunestyret vedtek at Finnøy er med i etablering av ein ny kommune i saman med Stavanger og Rennesøy.

Finnøy 15.06.2016

Helene M. Ohm
rådmann

Kommunestyret 22.06.2016:

Felles tilleggsframlegg, foreslått av Henrik Halleland, Kristeleg folkeparti

1. Som rådmann si innstilling
2. Som rådmann si innstilling, og tillegg: Avtalen vert reforhandla på bakgrunn av at prinsippdokumentet mellom Sandnes, Sola og Stavanger ikkje lenger er gjeldande.
3. Kommunestyret gir forhandlingsutvalet mandat til å forhandle med eventuelle nye kommunar inn i ein Stavanger, Finnøy og Rennesøy kommune.

Felles tilleggsframlegg, foreslått av Gro Skartveit, Venstre

4. I tråd med formuleringar i intensjonsavtalen forutset kommunestyret at det vert dialog med Hjelmeland om grensejusteringar på Ombo. Innbyggjarane det gjeld skal takast med i dialog i denne

prosessen.

Fellesframlegga vart samrøystes vedteke.

KS- 040/16 VEDTAK:

- 1. Kommunestyret tek sikte på at Finnøy kommune som del av kommunereforma går inn i ein ny og større kommune. Bakgrunnen er den lokale reformprosessen i Finnøy 2014-2016 og folkerøystinga 08.06.2016.**
- 2. Kommunestyret viser til intensjonsavtale av 10.05.2016 med Stavanger og Rennesøy. Kommunestyret vedtek at Finnøy er med i etablering av ein ny kommune i saman med Stavanger og Rennesøy. Avtalen vert reforhandla på bakgrunn av at prinsippdokumentet mellom Sandnes, Sola og Stavanger ikkje lenger er gjeldande.**
- 3. Kommunestyret gir forhandlingsutvalet mandat til å forhandle med eventuelle nye kommunar inn i ein Stavanger, Finnøy og Rennesøy kommune.**
- 4. I tråd med formuleringar i intensjonsavtalen forutset kommunestyret at det vert dialog med Hjelmeland om grensejusteringar på Ombo. Innbyggerane det gjeld skal takast med i dialog i denne prosessen.**

Saksopplysningar

Innleiing og bakgrunn:

Alle kommunestyrene i landet har frist 1. juli 2016 for å behandle og fatte endeleg vedtak om framtidig kommunestruktur. Dei lokale vedtaka skal innrapporterast til fylkesmannen, som på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet innan 1. oktober skal samanfatte status i fylket og gi ein heilskapleg vurdering med tilråding om kommunestruktur. Regjeringa vil leggje fram eit samla forslag om kommunestruktur for Stortinget våren 2017, med behandling og vedtak i Stortinget i juni 2017.

Føremålet med kommunereforma er få ein kommunestruktur med større, meir berekraftige kommunar med meir makt og myndighet. Kommunereforma skal oppfylle fire mål, knytt til tenester, samfunnsutvikling, lokaldemokrati og økonomi. Det ligg to samfunnsmessige utfordringar bak måla. Den første er knytt til kapasitet og kompetanse i små kommunar, etter 50 år med stadig auke i forventningar og krav til kommunal oppgåveløysing. Den andre er knytt til planlegging og samfunnsutvikling i storbyområder, der kommunegrensar på kryss og tvers av bu- og arbeidsmarknaden ofte gir løysingar som er sub-optimale for regionen samla.

Fylkesmannen i Rogaland har i brev av 15. april 2016 lagt fram ei momentliste til hjelp i saksutgreiinga fram mot endeleg vedtak. Lista bygger på Stortinget sine vedtak, mål og føresetnader for reforma. Fylkesmannen oppmodar kommunane til å følgje momentlista så langt som mogleg.

Hovudpunkt i momentlista er:

- Kommunefakta
- Prosess
- Resultat av prosess
- Vurdering av kommunen som tenesteytar
- Vurdering av kommunen som myndigheitsutøvar
- Vurdering av kommunen som samfunnsutviklar
- Vurdering av kommunen som demokratisk arena

Vurdering av økonomisk status og utvikling

Kommunestyret skal i denne saka ta stilling til om Finnøy kommune framleis skal vere eigen kommune eller om kommunen skal slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar. Dersom ein ønskjer kommunesamanslåing, må kommunestyret også ta stilling til kva framforhandla alternativ ein skal velje: at Finnøy går inn i nye Utstein kommune i saman med Randaberg, Kvitsøy og Rennesøy eller at Finnøy i saman med Rennesøy slår seg saman med Stavanger kommune.

Rådmannen vil i denne saka oppsummere kommunereformprosessen i Finnøy, vurdere om Finnøy kommune bør slå seg saman med andre kommunar, og vurdere dei to samanslåingsalternativa, i lys av måla med kommunereforma og framtida sine utfordringar, med konklusjon og tilråding til endeleg vedtak.

Finnøy kommune – status og utvikling:

Finnøy kommune har i arbeidet med kommunereforma teke utgangspunkt i utvikling i kommunen dei seinare år, status per 2016 og analyser og prognoser knytt til utvikling framover.

Finnøy kommune blei etablert i samband med innføring av formannskapslova av 1837. Finnøy kommune slik me kjenner den i dag, er i frå 1965. Då blei Sjernarøy kommune slått saman med Finnøy kommune, Ombo blei overført frå tidlegare Jelsa kommune og Halsnøy, Bokn og Byre blei overført i frå tidlegare Fister kommune. Finnøy kommune grenser til kommunane Rennesøy, Strand, Hjelmeland, Suldal, Bokn og Tysvær. Øya Ombo er delt mellom Finnøy og Hjelmeland.

Per 1. januar 2016 hadde Finnøy kommune 3221 innbyggjarar. Innbyggjarane er fordelt på 16 øyar, men om lag 2/3 av innbyggjarane bur på Finnøy og Talgje som er landfaste. Dei resterande 1/3 av innbyggjarane bur i hovudsak på Fogn, Halsnøy, Ombo og Sjernarøyane, og med eit fåtal innbyggjarar på Fister-øyane (Bokn, Byre og Måløy). Kommunen er òg ein hyttekommune, med om lag like mange hytter som bustader. Kommunesenteret er Judaberg på Finnøy.

Finnøy og Talgje blei i 2009 knytt i saman og landfaste med Nord-Jæren via Finnfast-tunnellen. I 2010 blei Sjernarøyane, med unntak av Nord-Hidle, knytt i saman gjennom eit nytt veg- og bruanlegg. Kollektivtilbodet i kommunen er hurtigbåt og ferje. Eit godt utbygd hurtigbåt- og ferjetilbod sikrar intern kommunikasjon mellom Judaberg og dei ikkje-landfaste øyane. Hurtigbåttilbodet går òg sørover til Tau og Stavanger sentrum og innover i Ryfylke til Nedstrand og Sauda.

Finnøy kommune er ein av mest jordbruksavhengige kommunane i Noreg, og i overkant av 30 % av dei yrkesaktive i kommunen arbeidar i eller i tilknytning til jordbruket. Finnøy har mange lokale arbeidsplassar i forhold til innbyggartal, men det er likevel om lag 31 % av dei sysselsette som pendlar ut av kommunen. Finnøy kommune er den største arbeidsgivaren i kommunen. Etter primærnæringane er det lokale byggeverksemder som sysselsett flest innan privat sektor.

Finnøy kommune har eit høgt tal registrerte verksemder, totalt og i ny-registreringar kvart år. Dette er likevel i stor grad små verksemder. Berre fem av 610 verksemder i kommunen har meir enn 50 tilsette, mens 80 har mellom 1-4 tilsette. Statistikken viser òg at heile 450 verksemder er registrert med ingen tilsette.

Det kommunale tenestetilbodet er i stor grad lokalisert i kommunesenteret Judaberg. I tillegg til administrasjon og kommuneleiing er òg Plan og forvaltning lokalisert på Rådhuset. Også helsetenester og pleie- og omsorgstenester er sentralisert til Judaberg. Unntaket er skule- og barnehage. På Fogn, Ombo og Sjernarøyane er det oppvekstsenter med skule-, og barnehagetilbod.

På Talgje er det barnehage og på Halsnøy barnehageavdeling. Tidlegare hadde kommunen oppvekstsenter også på Talgje og Halsnøy. Talgje oppvekstsenter blei lagt ned når Finnfast opna i 2009, mens skulen på Halsnøy blei lagt ned i 2012 pga. økonomi og lågt elevtal.

Finnøy kommune er per 2016 i ein situasjon som er annleis enn for 10-15 år sida. Både kommunen som organisasjon og kommunen som lokalsamfunn har vore gjennom utvikling og endring dei siste åra. Følgjande fakta er i den samanheng viktige:

- Finnøy kommune har i perioden 2009 - 2015 hatt jamn folkevekst. Hovudtyngda av veksten i folketal skuldast ein kombinasjon av nettotilflytting som følgje av Finnfast og stor arbeidsinnvandring. Folketalet har auka frå 2711 innbyggjarar i 2008 til 3221 per 1. januar 2016. I perioden før gjekk folketalet ned frå 2865 innbyggjarar i 2000 til 2711 innbyggjarar i 2008. I gjeldande kommuneplan (2014-2026) er det lagt til grunn årleg folketalsauke på 1,75 %, med auke til 2,0 % i frå 2020. Auka veksttakt frå 2020 er forventa effekt når bompengane i Finnfast fell bort.
- Finnfast har gjort at Finnøy kommune nå er ein del av bu-, nærings- og arbeidsmarknaden på Nord-Jæren. Avstanden frå kommunesenteret Judaberg til Randaberg er 34 km, til Stavanger sentrum 42 km og Forus 50 km. Det er nå i større grad mogleg å pendle inn og ut av kommunen. Dette har gjort Finnøy kommune meir attraktiv som kommune å bu i og å etablere verksemd i. Det kan òg vere lettare å rekruttere arbeidstakarar til å pendle inn i kommunen. Statistikken viser at grad av utpendling har gått opp frå 25,9 % i 2008 til 31,1 % i 2015. Derimot har grad av innpendling gått ned i same periode, frå 13,2 % i 2008 til 10,2 % i 2015.
- Finnfast har også knytt Finnøy nærare til Rennesøy kommune – med 20 km avstand mellom Judaberg og Vikevåg. Dette har gjort det lettare å arbeide i eller å nytte seg av servicetilbodet i Rennesøy. Det har også gjort interkommunalt samarbeid mellom Finnøy og Rennesøy meir aktuelt og hyppig.
- Finnøy kommune opplever ei sterkare todeling mellom Finnøy og Talgje og «dei ikkje-landfaste øyane» som framleis er avhengige av ferje og/eller hurtigbåt. Mens Finnøy og Talgje opplever rask vekst, slit øysamfunna med å halda oppe eller auka folketalet over tid.
- Omsynet til landbruket kjem i stadig aukande grad i konflikt med behov og politiske mål knytt til bustadutbygging. Dette gjeld både på Finnøy/Talgje og på dei ikkje-landfaste øyane. I nylig vedteken arealdel er det i føresegnene opna for dispensasjon knytt til bustadutbygging i LNF-områder på dei ikkje-landfaste øyane.
 - Finnøy kommune er med i mange interkommunale samarbeid. Ifølge Jærrådet si utgreiing er Finnøy registrert i 18 interkommunale samarbeid i regionen. Fleire nye samarbeid har kome til dei siste 4-5 åra, t.d. Region Stavanger, vertskommunesamarbeid barnevern med Randaberg, vertskommunesamarbeid skatteinnkrevjing med Stavanger, vertskommunesamarbeid telefonsentral legevakt med Stavanger, samarbeid drift IT med Stavanger, medlemskap i Rogaland Brann og redning IKS og samarbeid om VA-drift med IVAR.
 - Finnøy kommune har dei siste åra i aukande grad samarbeidd administrativt med nabokommunen Rennesøy. Dette gjeld dels fagstillingar, som t.d. kommunepsykolog, kommuneadvokat og SLT-koordinator, og dels utgreiings- og utviklingsarbeid. Drivaren bak dette samarbeidet har vore utfordringar knytt til kapasitet og kompetanse i forhold til spesialiserte tenester og forvaltnings- og utviklingsoppgåver.
 - Kommuneøkonomien har vore utfordrande dei siste åra. På grunn av nødvendig men lånefinansiert utbygging av skule, barnehage og kommunalteknisk infrastruktur, er gjelda meir enn dobla på 3-4 år, og ein stor del av samla driftsinntekter går med til å betale renter og avdrag. Dette, i saman med driftskonsekvensar av vedtekne tiltak og investeringar, og bortfall av småkommunetilskottet i frå 2017, har gitt stramme økonomiske rammer. Finnøy

kommune har sidan 2013 arbeidd systematisk med driftstilpassing og omstilling.

For ytterlegare fakta om Finnøy kommune, viser rådmannen til samfunnsdelen i kommuneplanen og til høringsforslag kommunal planstrategi i frå april 2016.

Den lokale prosessen:

Kommunereformprosessen i Finnøy starta gjennom vedtak KS-056/14 i september 2014. Vedtaket gav hovudføringar for vidare arbeid i Finnøy om framtidig kommunestruktur, og ei politisk styringsgruppe blei nedsett.

Ein konkluderte tidleg i prosessen med at følgjande scenario/alternativ for framtidig kommunestruktur var aktuelle for Finnøy:

- Nullalternativet: Finnøy held fram som eigen kommune.
- Mellomalternativet: Finnøy inngår i ein mellomstor kommune saman med Randaberg, Kvitsøy og Rennesøy.
- Storkommunealternativet: Finnøy inngår i ein ny storkommune på Nord Jæren, saman med Stavanger og andre kommunar i regionen.

Føremålet med utgreiingsarbeid og nabosamtaler som er gjennomført har difor vore å belyse konsekvensar av og sterke/svake sider ved nullalternativet, mellomalternativet og storkommunealternativet. Dei tre alternativane har dermed vore styrande for prioritering av aktivitetar og ressursar i den lokale prosessen.

Politisk styringsgruppe for kommunereforma har hatt ansvaret for den lokale prosessen. Ordførar (leiar), varaordførar og gruppeleiarane har vore med i styringsgruppa. Rådmannen har stilt sekretær til disposisjon for styringsgruppa. Forhandlingsutvalet (ordførar, varaordførar og opposisjonsleiar) har vore ansvarleg for nabosamtaler og forhandlingar. Rådmannen har vore med i forhandlingane både i Utstein- og Stavanger-alternativet, i tillegg til å sitte i administrativ arbeidsgruppe i begge løp.

Tidleg i 2016 gjennomførte Finnøy i samarbeid med Opinion AS ei innbyggjarundersøking om kommunestruktur, etter mal frå undersøkingane i Stavanger, Sola og Sandnes. Innbyggjarundersøkinga viste at signifikant fleire var positive enn negative til mellomalternativet med Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy (54 % positive, 23 % negative). Derimot var resultatet for storkommune på Nord-Jæren ikkje eintydig. 39 % er positive, mens 43 % er negative. Undersøkinga viste vidare at innbyggjarane var opptatt av nærleik til legevakt, skule og fritidsordning, helsestasjon, sjukeheim, barnehage og kultur/idrett. Resultata frå undersøkinga blei nytta i vidare prosess og nabosamtaler.

Styringsgruppa har orientert formannskapet og kommunestyret undervegs i prosessen, jf. FSK-019/15, KST-037/15 og KS-082/15. Kommunestyret har i den samanheng drøfta status og gitt føringar for vidare arbeid. Kommunestyret vedtok 27. april å ta med alle dei tre utgreidde alternativane i prosessen med folkerøysting og endeleg vedtak, jf. KS-005/16. Vedlegg 1 viser oversikt over politiske vedtak i kommunereformprosessen i Finnøy.

Tabell 1 viser ei oversikt over framdrift og viktige aktivitetar i kommunereformprosessen i Finnøy.

Tabell 1: Framdrift og aktivitetar i kommunereformprosessen i Finnøy.

September 2014 – februar 2015	Fase 1: Grunnlag og innleiande gjennomgang
September 2014	Vedtak KS-056/14, Kommunereform – vegen vidare. Grunnlag,

	premissar og strategi for lokal kommunereformprosess. Etablering av politisk styringsgruppe med ordførar (leiar), varaordførar og alle gruppeleiarane.
November 2014 – februar 2015	<p>Fire møter i styringsgruppa i perioden. Styringsgruppa går gjennom grunnlag og premissar for lokal prosess: nasjonale mål for reforma, kommunen sine fire rollar (tenesteyting, myndigheitsutøving, samfunnsutvikling og demokratisk arena) og Ekspertutvalet sine 10 kommunekriterier. I tillegg er hovudpremissar nedfelt i samfunnsdelen av kommuneplanen eit viktig utgangspunkt. Styringsgruppa definerer vidare hovudalternativ for framtidig kommunestruktur. Framdriftsplan utarbeidd.</p> <p>Styringsgruppa leverer ein førebels undervegsrapport som grunnlag for drøfting i formannskapet i februar 2015, jf. FSK-019/15. Formannskapet slutter seg til at Finnøy skal arbeide med og vurdere tre alternativ for framtidig kommunestruktur: nullalternativet, mellomalternativet og storkommunealternativet. Formannskapet ber i tillegg om at styringsgruppa tek initiativ til innleiande nabosamtaler med Rennesøy/Randaberg/Kvitsøy og med Stavanger.</p>
Mars – desember 2015	Fase 2: Vidare utgreiingsprosess og innleiande nabosamtaler
Mars – juni 2015	<p>Tre møter i styringsgruppa i perioden. Styringsgruppa gjennomfører mars/april lokal SWOT-analyse (S=sterke sider, W= svake sider, O=muligheter, T=truslar). Innleiande nabosamtaler med Rennesøy/Randaberg/Kvitsøy og med Stavanger i april. Dialogmøte med HTV-ane i juni.</p> <p>Ny undervegsrapport frå styringsgruppa blir lagt fram for kommunestyret i juni: Informasjon om status for arbeidet og forslag til vidare prosess, jf. KS-037/15. Mellomalternativet (Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy) blir førebels satt «på vent», på bakgrunn av tilbakemeldingar frå dei andre kommunane. Finnøy ønsker å intensivere kontakten med Stavanger med sikte på å få mest mogleg konkrete samtalar på politisk nivå.</p> <p>Administrativt utgreiingssamarbeid mellom Finnøy, Rennesøy og Stavanger i frå mars. Med utgangspunkt i utgreiinga om kommunestruktur frå 8-kommune samarbeidet (Jærrådet + Stavanger, Sola og Randaberg), blir det utarbeidd ein tilleggsrapport med fokus på status og utfordringar i Finnøy og Rennesøy. Tilleggsrapporten ferdigstilt tidleg i juli.</p>
August – desember 2015	<p>Ordførar skriv i september brev til ordførar i Stavanger og ber om ny nabosamtale. Gjennomgang av tilleggsrapport Finnøy og Rennesøy i styringsgruppemøte i september. Også innbyggjarinformasjon og innbyggjarmedverknad og innhald/fokus i vidare nabosamtaler med Stavanger blir drøfta.</p> <p>Ny styringsgruppe etter konstitueringa er som før samansett av ordførar</p>

	<p>(leiar), varaordførar og gruppeleiarane. Styringsgruppa har i møte i november ein omfattande gjennomgang av nullalternativet med drøfting av konsekvensar og utfordringar. Kompetanse, kapasitet og kommuneøkonomi er mellom hovudutfordringane. Møte med HTV-ane i desember. Styringsgruppa bestiller innbyggjarundersøking etter mal frå undersøkingane gjennomført i Stavanger, Sandnes og Sola.</p> <p>Kommunestyresak i desember med gjennomgang og drøfting av status og vidare prosess fram til endeleg vedtak før sommaren.</p> <p>Ny nabosamtale med Stavanger 17. desember. Kommunane einige om nye samtaler vinteren 2016.</p>
Januar – april 2016	Fase 3: Nabosamtaler/forhandlingar
Januar 2016	<p>Kommunen gjennomfører i januar i samarbeid med Opinion AS ei innbyggjarundersøking om kommunestruktur. Styringsgruppa blir orientert om resultatene i møtet 28. januar.</p> <p>Ny nabosamtale mellom Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy 22. januar. Fordi Randaberg og Kvitsøy ønskjer å halde fram som eigne kommunar, blir det i møtet konkludert med at det ikkje er grunnlag for vidare samtaler.</p>
Februar – april 2016	<p>Utvikling og endring i nabokommunane i forhold til strategi for reformarbeidet. Nye vedtak i både Rennesøy, Randaberg og Kvitsøy i februar og mars.</p> <p>Nabosamtalen med Stavanger blir vidareført i frå februar. Fire forhandlingsmøter: 23. februar, 16. mars, 7. april og 20. april. Rennesøy med i frå og med møte 3. Intensjonsavtale Finnøy, Rennesøy og Stavanger signert av ordførarane i avsluttande møte 10. mai. Intensjonsavtalen bygger på prinsippdokumentet mellom Stavanger, Sandnes og Sola om Nord-Jæren kommune.</p> <p>Nabosamtaler med Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy starter opp 11. mars. Fem møter gjennomført, med siste møte 20. april. Intensjonsavtale om Utstein kommune signert av ordførarane 22. april.</p> <p>Kommunestyre vedtek 27. april å gå vidare med dei tre utgreidde alternativa: 1. nullalternativet (Finnøy), 2. mellomalternativet («Utstein») og 3. storkommunealternativet («Storkommune med Stavanger») i prosessen med folkehøyring og endeleg vedtak. Kommunestyret vedtek vidare å gjennomføre rådgivande folkerøysting om kommunereforma 8. juni 2016.</p>
Mai – juni 2016	Fase 4: Folkerøysting og endeleg vedtak
Mai – juni 2016	<p>Styringsgruppa vedtek 11. mai, på fullmakt frå kommunestyret, intensjonsavtalen om Utstein kommune og intensjonsavtalen med</p>

	<p>Stavanger og Rennesøy. I same møtet vedtek styringsgruppa òg å endre voringstema for folkerøystinga.</p> <p>Styringsgruppa utarbeidar plan for innbyggjarinformasjon. Informasjon på nettsidene til kommunen om grunnlagsdokument, dei tre alternativa, om voringstema og om folkerøystinga. Også informasjon i lokalavisa Øyposten. Folkemøter 23. mai, 25. mai og 26. mai – på Fogn, Sjernarøyane og Finnøy.</p> <p>Førehandsrøysting i perioden 25. mai – 6. juni. Folkerøysting 8. juni.</p> <p>Endeleg vedtak i kommunestyret 22. juni.</p>
--	---

Resultat frå den lokale prosessen:

Som følge av den lokale prosessen i Finnøy omtalt ovanfor, ligg det føre eit fakta- og vurderingsmateriale som er eit godt grunnlag for endeleg vedtak i kommunestyret om framtidig kommunestruktur. Rådmannen viser spesielt til følgjande dokument/leveransar frå kommunereformprosessen i Finnøy:

- Undervegsrapport pr. 10.02.2015, notat frå styringsgruppa februar 2015.
- Lokal SWOT-analyse (S=sterke sider, W= svake sider, O=muligheiter, T=truslar) gjennomført av styringsgruppa mars/april 2015.
- Kommuneprosessen i Finnøy pr. 04.06.2015, notat frå styringsgruppa.
- Tilleggsrapport Finnøy og Rennesøy om kommunereform, utarbeida av kommunane Stavanger, Rennesøy og Finnøy, juli 2015.
- Nullalternativet – konsekvensar for Finnøy. Notat til styringsgruppa november 2015.
- Innbyggerundersøking kommunereformen – Finnøy kommune. Opinion AS.
- Intensjonsavtale Utstein kommune m/vedlegg med utfyllande informasjon. 22. april 2016.
- Intensjonsavtale Finnøy, Rennesøy og Stavanger, 10. mai 2016. Vedlegg: Prinsippdokument Nord-Jæren kommune, utarbeida av kommunane Sola, Sandnes og Stavanger.
- Finnøy framleis åleine? Vurdering av konsekvensar. Presentasjon frå rådmannen om nullalternativet, mai 2016.

I tillegg ligg det mykje fakta, analyser og faglege vurderingar i dokument utarbeida til nabosamtalane/forhandlingane i Utstein-prosessen og i Stavanger-prosessen.

På bakgrunn av dette fakta- og vurderingsmaterialet vedtok kommunestyret 27. april å gå vidare med følgjande tre alternativ i vidare prosess med folkehøyring og endeleg vedtak i sak om kommunestruktur:

- Finnøy fortsetter som eigen kommune.
- Finnøy går saman med Randaberg, Kvitsøy og Rennesøy i nye Utstein kommune.
- Finnøy og Rennesøy går saman med Stavanger i ny storbykommune på Nord-Jæren.

Finnøy-alternativet er lik nullalternativet, det vil seie at Finnøy fortsetter som i dag og ikkje slår seg saman med andre kommunar. Finnøy vil då fortsatt vere ein småkommune med vel 3200 innbyggjarar. Utgangspunktet for Finnøy-alternativet vil vere gjeldande kommuneplan og økonomiplan. Finnøy vil også i framtida vere avhengig av interkommunalt samarbeid for å løyse kommunen sine oppgåver.

Utstein-alternativet betyr at kommunane Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy går saman i ein ny kommune, Utstein. Utstein kommune vil vere ein mellomstor kommune med i underkant av 20 000 innbyggjarar, i randsonen av storbyområdet på Nord-Jæren. Arealet i den nye kommunen vil vere på om lag 200 kvadratkilometer. Avstanden frå Randaberg sentrum til Judaberg er på 34 km. Kvitsøy og Rennesøy har folkerøysting om kommunestruktur 1. juni, mens Randaberg har innbyggjarundersøking tidleg i juni. Randaberg og Kvitsøy har berre det å fortsette som eigen kommune som alternativ til ny Utstein kommune, mens Rennesøy som Finnøy har Stavanger som eit tredje alternativ.

Stavanger-alternativet betyr at Finnøy og Rennesøy går saman med Stavanger i ny storbykommune på Nord-Jæren. Intensjonsavtalen mellom Finnøy, Rennesøy og Stavanger bygger på og kommer i tillegg til prinsippdokumentet om nye Nord-Jæren kommunen, mellom kommunane Sola, Sandnes og Stavanger. Det betyr at ved einigheit mellom Sandnes, Sola og Stavanger om å etablere Nord-Jæren kommune, må intensjonsavtalen avklarast med Sandnes og Sola. Sandnes, Sola og Stavanger har folkerøysting om kommunestruktur 30. mai. Dersom Sandnes, Sola og Stavanger ikkje går vidare med Nord-Jæren kommune, er Stavanger, Rennesøy og Finnøy einige om revurdere fleire av punkta i intensjonsavtalen. Det gjeld t.d. kommunenamn, lokalisering av rådhus og tal representantar i by-/og kommunestyret.

Rådgivande folkerøysting:

Kommunestyret vedtok 27. april å høyre innbyggjarane i Finnøy i spørsmålet om kommunesamanslåing gjennom ei rådgivande folkerøysting. Dei tre kommunestrukturalternativa var utgangspunktet for folkerøystinga. Innbyggjarane blei difor bedt om å seie si meining om to spørsmål: 1) Ynskjer du at Finnøy kommune blir slått saman med ein eller fleire kommunar i regionen? (ja/nei/blank), og 2) Dersom det blir kommunesamanslåing, kva alternativ ynskjer du? (Utstein/storkommune med Stavanger/blank).

Folkerøystinga blei gjennomført 8. juni. Innbyggjarane kunne førehandsrøyste i perioden 25. mai til og med 6. juni. Resultatet av folkerøystinga er oppsummert i tabell 2. Detaljert resultat ligg i vedlegg 2.

Tabell 2: Folkerøysting om kommunereform

Røystefordeling i prosent - endeleg valresultat						
Spørsmål 1:	Ynskjer du at Finnøy kommune blir slått saman med ein eller fleire kommunar i regionen?					
	Ja	Nei	Blank	Ikkje svart	Forkasta	Totalt
	67,9 %	28,8 %	2,2 %	1,1 %	0,0 %	100 %
Spørsmål 2:	Dersom det blir kommunesamanslåing, kva alternativ ynskjer du?					
	Utstein	Stavanger	Blank	Ikkje svart	Forkasta	Totalt
	8,8 %	75,0 %	12,4 %	3,9 %	0,00 %	100 %

Valdeltaking: 48,1 %

Eit klart fleirtal svarte ja på spørsmålet om kommunesamanslåing eller ei (67,9 % røysta ja og 28,8 % røysta nei). På spørsmål om samanslåingsalternativ var fleirtalet endå klarare – 75 % røysta på Stavanger-alternativet, mot berre 8,8 % på Utstein-alternativet. 12,4 % røysta blank og 3,9 % svarte ikkje på spørsmålet. Folkerøystinga hadde ei valdeltaking på 48,1 %.

Vurdering

Rådmannen si vurdering følgjer dei to spørsmåla som kommunestyret skal konkludere på i denne saka, og som også var voteringstema i folkerøystinga. Rådmannen vil først vurdere om Finnøy kommune bør slå seg saman med andre kommunar i regionen, eller om Finnøy kommune framleis bør stå aleine. Rådmannen vil deretter vurdere dei to samanslåingsalternativa opp mot kvarandre. Dersom kommunesamanslåing, bør Finnøy gå inn i Utstein kommune eller i storkommune med Stavanger? Vurderingane er gjort i forhold til kommunen sine funksjonar knytt til tenesteyting, myndigheitsutøving, samfunnsutvikling og lokaldemokrati. I tillegg blir økonomien vurdert.

Kommunestruktureforma er grunngeve i to hovudutfordringar. Den første, kapasitet og kompetanse i små kommunar, er direkte relevant for Finnøy. Ekspertutvalet meinte at med oppgåver som i dag og utan interkommunalt samarbeid, burde kommunane ha mellom 15-20 000 innbyggjarar. Dette for å sikre berekraftig og forsvarleg oppgåveløysing. Finnøy med i overkant av 3200 innbyggjarar er dermed klart i kommunereforma si målgruppe «småkommunar».

Den andre, planlegging og samfunnsutvikling i storbyområder, er indirekte relevant for Finnøy. Finnøy ligg i ytterkanten av Stavanger-regionen, som av Ekspertutvalet og dei fleste andre er vurdert som kroneksempelen på at kommunegrensene hindrar regional samfunnsutvikling. Både regionkommunemodellen og storbykommunemodellen er drøfta som løysingar på dette. Regionkommunen omfattar alle kommunane i arbeids, bu- og serviceregionen (ABS-regionen), mens storbykommunen tek utgangspunkt i storbyområdet Stavanger, Sandnes og Sola. Uansett er nøkkelen for å ta ut regionale gevinstar at kommunane i det tettast integrerte storbyområdet er med i den nye kommunen. Ein ny kommune med utgangspunkt i storbyområdet på Nord-Jæren vil ha konsekvensar for Finnøy. Finnøy vil uansett vere tent med at samfunnsutviklinga i regionen blir styrka, men Finnøy må då òg vurdere om kommunen er best tent med å stå utanfor eller å vere med i den nye storby- eller regionkommunen.

Kommunestrukturprosessen i regionen dei siste to åra har òg påverka den lokale prosessen i Finnøy, både undervegs men og på kva alternativ som er forhandla fram. Randaberg hadde lenge storbykommune på Nord-Jæren som einaste alternativ til det å fortsette åleine. Utstein-alternativet kom difor fram til forhandlingsbordet relativt seint i prosessen. Stavanger har primært arbeida for regionkommune der kommunane i storbyområdet på Nord-Jæren er med. Stavanger-alternativet bygger difor på prinsippdokumentet mellom Stavanger, Sandnes og Sola.

Kommunane i regionen vil og nå i slutfasen av prosessen vere avhengige av kvarandre. Prosessen med folkehøyring og endeleg vedtak i andre kommunar vil vere avgjerande for kva alternativ kommunestyret i Finnøy til slutt reelt sett kan velje mellom.

Spørsmål 1 – Bør Finnøy kommune slå seg saman med ein eller fleire kommunar i regionen?

Rådmannen vurderer i det følgjande fordelar og ulemper ved kommunesamanslåing for Finnøy kommune. Vurderingane er uavhengig av dei konkrete alternativa for kommunesamanslåing som ligg føre.

Når det gjeld tenesteyting, legg rådmannen vekt på det følgjande:

- Tenesteytinga i Finnøy i dag drar nytte av god lokal oversikt, kjennskap og kunnskap. Det er kort avstand mellom kommuneadministrasjonen og «folk i Finnøy» og dei tilsette i kommunen har god kjennskap til brukarane og lokalsamfunnet. Lokal oversikt og kunnskap vil i stor grad forsvinne dersom Finnøy går inn i ein større kommune.
- Skule- og barnehagetilbodet er desentralisert i Finnøy i dag. Finnøy har prioritert tenestetilbodet på dei ikkje-landfaste øyane framfor økonomiske innsparingar. Denne

prioriteringa kan kome under press i ein ny og større kommune. Samtidig kan denne typen prioriteringar vere lettare å vidareføre i ein større kommune med ein meir robust økonomi.

- Basistenestene innan oppvekst, helse og omsorg held i dag jamt god kvalitet. Bemanningssituasjonen er stabil, men med nokon utfordringar knytt til rekruttering av høgskuleutdanna personell, særleg barnehagelærarar og sjukepleiarar. Ein større kommune vil nok i nokon grad lukkast betre med å rekruttere og behalde fagkompetanse på grunn av større fagmiljø og betre vilkår for fagleg utvikling av medarbeidarane, men forskjellen vil truleg ikkje vere stor, fordi barnehagelærarar og sjukepleiarar er mangelvare i heile kommune-Norge. Men i ein større kommune med større fagmiljø og administrativ kapasitet vil det derimot truleg vere lettare å få til førebyggjande arbeid og utviklingsarbeid. Oppsummert så er det lite grunnlag for å forvente at kommunesamanslåing på kort sikt vil gi betre kvalitet på basistenestene enn om Finnøy blir ståande aleine. Likevel vil manglande fag-, planleggings- og utviklingskapasitet ha konsekvensar for basistenestene på mellomlang og lang sikt.
- Situasjonen er vesentleg meir kritisk for dei meir spesialiserte tenestene. Dette gjeld både velferdstenester som rus, psykisk helse, barnevern, Nav, spesialpedagogikk og PPT, men og tenester innan plan, bygg, kommunalteknikk og beredskap. Med eit lite og sårbart fagmiljø avhenger kvaliteten i tenestene i for stor grad av noen få enkeltpersoner. For ein småkommune som Finnøy vil det alltid vere vanskeleg å sikre forsvarleg bemanning på tenester som krev fagkompetanse på høgt og spesialisert nivå.
- Finnøy kommune har som andre små kommunar, smådriftsulemper. Både i administrasjon og i drift. Det vil vere gevinstar knytt til stordrift i ein større kommune, i hovudsak på administrasjon mens gevinstane i Finnøy på dei store tenestemråda truleg vil vere mindre enn «normalt» på grunn av geografi og desentralisert tenestestruktur.
- Utfordringar knytt til kapasitet og kompetanse er hovudårsaka til at Finnøy i dag samarbeider interkommunalt. Det er forventa at kompetansekrav- og behov vil auke i åra framover. For Finnøy vil det medføre ytterlegare auke i bruk av interkommunalt samarbeid for å sikre eit berekraftig og forsvarleg tenestetilbod til innbyggerane.

Når det gjeld myndigheitsutøving, legg rådmannen vekt på det følgjande:

- Saksbehandling og forvaltning er ein stadig viktigare del av kommunal drift. Innbyggerane har i aukande grad individuelle retter, plan- og byggesaksbehandling er blitt meir omfattande og komplekst, og i tillegg er det kome nye og stadig aukande prosesskrav til kommunal saksbehandling. Denne utviklinga stiller høge krav til kompetanse i kommunane, både på fag og forvaltning. For Finnøy vil det over tid vere vanskeleg, nesten umogleg, å ha nødvendig kapasitet og kompetanse for denne typen oppgåver. Rekrutteringsutfordringar og små, sårbare fagmiljø er stikkord. Ein større kommune t.d. på størrelse med tilråding i frå Ekspertutvalet på mellom 15 – 20 000 innbyggerar, vil vere i stand til møte denne utfordringa på ein god måte.
- Lokalkunnskap blir ofte trekt fram som viktig for å sikre høg kvalitet i saksbehandlinga. Rådmannen meiner at utviklinga i lov og regelverk har gjort lokalkunnskap mindre viktig i kommunal saksbehandling.
- Små kommunar har i aukande grad utfordringar knytt til habilitet/inhabilitet i saksbehandlinga, både administrativt og politisk. Dersom Finnøy går inn i ein større kommune vil dette ikkje lenger vere eit problem.

Når det gjeld samfunnsutvikling, legg rådmannen vekt på det følgjande:

- Kommunen har ansvar for samfunnsutvikling lokalt og medansvar for samfunnsutvikling regionalt. Erfaringar viser at små kommunar med ein liten administrasjon og små fagmiljø verken har kapasitet eller kompetanse til å prioritere samfunnsutviklingsoppgåvene så høgt som ønskeleg. Småkommunar er og heilt avhengig av kjøp av tenester for å løyse lovpålagde

plan- og utviklingsoppgåver. Dette er situasjonen i Finnøy kommune i dag, og vil vere situasjonen framover dersom Finnøy fortsetter aleine. Ein større kommune vil ha vesentleg meir kapasitet og kompetanse til lokal samfunnsutvikling.

- I den viktige samhandlinga mellom kommune og andre lokalsamfunnsaktørar (næringsliv, grendelag, frivillig sektor) utgjør lokalkunnskap, nærleik og kontakt mellom aktørane ein positiv forskjell. Her har Finnøy-alternativet fordelar framfor ein kommune der avstanden mellom kommunen og nøkkelaktørar i lokalsamfunnet er langt større.
- Dersom Finnøy kommune fortsetter aleine, vil kommunen vere ein liten aktør i samfunnsutviklinga regionalt, men kommunen vil ha ei eiga stemme inn i prioriteringsdebatten regionalt og nasjonalt. Dette vil vere tilfellet uavhengig om det blir etablert ein ny storby-/regionkommune på Nord-Jæren.
- Ved ein eventuell ny storby-/regionkommune på Nord-Jæren, vil Finnøy-samfunnet uavhengig av kommunestruktur tene på at samfunnsutviklinga i regionen blir styrka. Gevinstane ved ny kommune er heller ikkje avhengig av at Finnøy blir med. Rådmannen meiner likevel at Finnøy naturleg vil høyre heime i ein eventuell ny storby-/regionkommune.
- Rådmannen meiner elles at i eit overordna perspektiv ville regionen vere best tent med at det blei etablert ein ny storby-/regionkommune med Stavanger, Sandnes og Sola som kjerne.

Når det gjeld lokaldemokrati, legg rådmannen vekt på det følgjande:

- Finnøy i dag har eit sterkt lokaldemokrati, med høg valdeltaking og kort avstand mellom folkevalde og innbyggjarar. Lokaldemokratiet har ombodstanken som sentral berebjelke. Dei folkevalde ser på seg som representantar for folk i sine lokalsamfunn. Samtidig kan dei lokale perspektiva bli så sterke at politikarane kan ha problem med å løfte blikket og tenke heilskapleg.
- Kommunesamanslåing vil ha konsekvensar for nærmedemokratiet. Det vil bli færre folkevalde og avstanden mellom dei og innbyggjarane vil auke. Samtidig kan lokaldemokratiet bli meir profesjonalisert med mindre detaljstyring og meir heilskaplege vurderingar.
- Som ein liten kommune i regionen vil Finnøy på den eine sida ha relativt liten påverknad i interkommunale organ som bestemmer den regionale utviklinga på Nord Jæren og i resten av Ryfylke. På den andre sida vil kommunen framleis vere sikra tilgang til regionale og sentrale organ og ha høve til å fremma øyane sine interesser der. I ein større kommune kan denne stemma lettare stilna heilt.
- Rådmannen viser til Ekspertutvalet som konkluderte med at ein ved samanslåing til større kommunar må tenke nytt i forhold til lokaldemokratiet. Dette for å kompensere for tap av tap av nærmedemokrati.

Når det gjeld økonomi, legg rådmannen vekt på det følgjande:

- Kommuneøkonomien i Finnøy har vore stram dei siste åra, og det vil den også vere i tida framover. Tiltak knytt til omstilling og innsparing vil altså fortsatt vere nødvendig. Det er likevel slik at det er normal situasjonen i kommune-Norge, og ein kan trygt legge til grunn at omstilling og innsparing vil vere ein integrert del av drifta også i en ny og større kommune.
- Endelege tal knytt til «nytt inntektssystem» viser at verknaden for Finnøy er marginal.
- Tilskotta knytt til kommunereforma vil vere greie å ha i etableringsprosessen og inn i ny kommune. Rådmannen understreker likevel at tilskotta ikkje er av ein størrelse som i seg sjølv er eit argument for samanslåing.
- Etter rådmannen si vurdering er det viktigaste økonomiske argumentet for kommunesamanslåing knytt til økonomisk soliditet. Det vil seie at ein mellomstor eller stor kommune er mindre sårbar for raske endringar i inntekter eller utgifter enn ein liten kommune.

Det er altså både argumenter for og mot å slå Finnøy kommune i saman med andre kommunar i ein ny og større kommune. Argumenta mot kommunesamanslåing er i hovudsak nærleik, lokalkunnskap og nærdemokrati. Argumenta for er i hovudsak kapasitet og kompetanse. Det er særleg markant i forhold til kommunen som tenesteytar og myndigheitsutøvar, men også relevant i forhold til lokal samfunnsutvikling. Finnøy har utfordringar med kapasitet og kompetanse allereie i dag, og ser ein 10-20 år fram i tid vil dette auke på. Konsekvensen på mellomlang og lang sikt vil vere at Finnøy kommune aleine ikkje vil klare å gjøre dei oppgåvene og levere dei tenestene som kommunen har ansvaret for. På dette er det berre to løysingar: Finnøy kommune må enten løyse oppgåvene i samarbeid med andre kommunar eller gå inn i ein større kommune. Begge løysingane er reelle alternativ for Finnøy kommune per 2016. Kommunar står fritt til å samarbeide interkommunalt, lovverket legg til rette for samarbeid og Finnøy kommune har i hovudsak gode erfaringar frå dei samarbeida me er med i. Det vil vere mange (truleg veldig mange) små kommunar også etter 2020, noko som vil aktualisere pålagd interkommunalt samarbeid på enkelte tenester. Det vil bety at staten for å sikre kvalitet, rettstrygghet og fagleg forsvarlege tenester, i eit kommunesystem med mange små kommunar pålegg dei minste kommunane å samarbeide med mellomstore og store kommunar.

Rådmannen meiner likevel at det å gå inn i ein større kommune er ei betre løysing enn utstrakt interkommunalt samarbeid, jf. sluttrapport frå Ekspertutvalet. På den bakgrunn er rådmannen si konklusjon at Finnøy kommune bør gå inn i ein ny og større kommune. Konklusjonen er teke på basis av ein vurdering av konsekvensar på mellomlang og lang sikt. På kort sikt kan Finnøy kommune stå aleine.

Spørsmål 2 – Dersom kommunesamanslåing, kva alternativ? Utstein kommune eller Stavanger-alternativet

Rådmannen vurderer i det følgjande dei to samanslåingsalternativa som ligg føre, Utstein-alternativet eller Stavanger-alternativet.

Både intensjonsavtalen om Utstein kommune og intensjonsavtalen med Stavanger og Rennesøy er strukturert i forhold til kommunen sine funksjonar knytt til tenesteyting, myndigheitsutøving, samfunnsutvikling og lokaldemokrati, og har eit eige kapittel om økonomi.

Finnøy har i begge forhandlingsløp spelt inn tema som vil vere viktige for innbyggjarane i Finnøy i ein ny og større kommune. Dei to avtalene er på dei fleste av desse punkta ganske like. Følgjande tema er ivareteke i begge intensjonsavtalane:

- Basistenestene skal vere nær innbyggjarane.
- Det skal vere servicekontor på Judaberg.
- Legevaktordninga skal vidareførast som i dag.
- Utbygging av pleie- og omsorgssenter Judaberg (etter behov/gjeldande økonomiplan).
- Differensierte verkemiddel i arealforvaltninga (les: bustadutbygging på dei ikkje-landfaste øyane).
- Landbruk. Jordvern. Havbruk.
- Kollektivtilbodet skal vidareutviklast (ferje, hurtigbåt og buss).
- Den nye kommunen skal arbeide for statleg og regional støtte til veg-/bruprojektet Øyfast.

Stavanger-alternativet bygger på prinsippdokumentet for Nord-Jæren kommune. Men Nord-Jæren kommune blei i realiteten avvist av innbyggjarane i Sandnes og Sola i folkerøystingane 30. mai. Stavanger-alternativet vil altså ikkje vere ein ny storby-/regionkommune, men at Finnøy og ev. Rennesøy går inn i eksisterande Stavanger kommune, i «Nye Stavanger».

Når det gjeld tenesteyting og myndigheitsutøving, vil både Utstein- og Stavanger-alternativet vere store nok kommunar til å ha nok kapasitet og kompetanse. Utstein kommune med i underkant av 20 000 innbyggjarar vil vere i tråd med tilrådd «minimumsstørrelse» frå Ekspertutvalet. Vidare viser forsking at optimal kommunestørrelse for å kunne gi gode og effektive tenester er mellom 20 - 30 000 innbyggjarar. Utstein vil vere stor nok til å ha nødvendig kapasitet og kompetanse og til å unngå smådriftsulemper, men samtidig ikkje så stor at ein får stordriftsulemper.

Nye Stavanger vil vere vesentleg større enn Utstein, og ein veit at store kommunar har stordriftsulemper. Samtidig vil kanskje Nye Stavanger ha eit fortrinn samanlikna med Utstein i forhold til oppfølging av dei mest kompliserte brukarane eller sakene. Stavanger vil ha eit fagmiljø som samla sett vil ha det meste av relevant kompetanse.

Det vil vere ei utfordring i både Utstein- og Stavanger-alternativet å oppretthalde skule- og barnehagetilbodet på dei ikkje-landfaste øyane, og eit godt tenestetilbod i Judaberg. På kort sikt vil prinsippa i avtalene sikre dette, men på mellomlang og lang sikt vil tenestetilbodet i «Finnøy» inngå i prioriteringsdebatten i den nye kommunen.

Auke i kapasitet og kompetanse vil også i begge alternativa styrke arbeidet med lokal samfunnsutvikling. Samtidig kan lengre avstand mellom grender, lokalsamfunn og frivillig sektor i Finnøy på den eine sida og politikk og kommuneadministrasjon på den andre sida, kombinert med mindre lokalkunnskap, ha negative konsekvensar for lokal samfunnsutvikling. Rådmannen meiner at faren for at dette skal skje er størst i Nye Stavanger. Avstandane i Utstein er relativt små, kommunen er mellomstor og har lokalsamfunn som kulturelt, historisk og i forhold til næring er ganske like.

Av same grunn meiner rådmannen at det i Utstein-alternativet ligg til rette for å vidareføre eit sterkt og levande lokaldemokrati. Det er mange kommunar med Utstein-størrelse som har gode resultat knytt til nærdemokrati og lokalt engasjement. I Stavanger-alternativet er det kommunedelutvalet i Finnøy som skal sikre den lokaldemokratiske dimensjon. Det er likevel fortsatt mykje uklart i kva oppgåver utvalet skal ha og korleis utvalet skal fungere.

I det offentlege ordsiftet om kommunesamanslåing har mange hevda at Stavanger i større grad enn Utstein vil kunne ha gjennomslag hjå fylkeskommunen og staten, t.d. i forhold til ferje- og hurtigbåttilbod eller Øyfast. Rådmannen er skeptisk til denne argumentasjonen. Rett nok er Stavanger større og sterkare enn Utstein nokon gang kan bli, men Stavanger har samtidig mange fleire interesser og omsyn som skal bli ivaretatt, internt i kommunen men også regionalt. Stavanger har tradisjon for å tenke heile regionen i prioriteringar knytt til samfunnsutvikling. Det betyr at «Finnøy-prosjekt» må konkurrere med andre prosjekt internt i Nye Stavanger, t.d. bru til Vassøy, men også vil bli vurdert opp mot andre samferdselsprosjekt i regionen.

«Nye Stavanger kommune», altså Stavanger, Rennesøy og Finnøy, vil ikkje styrke samfunnsutviklinga i regionen, slik som Nord-Jæren kommune (+ +), ville ha gjort. Som tidlegare nemnt, meiner rådmannen at regionen ville vere best tent med at det blei etablert ein ny storby-/regionkommune med Stavanger, Sandnes og Sola som kjerne. Rådmannen meiner vidare at Finnøy i det tilfellet burde gå inn i storby-/regionkommunen.

Både Nye Stavanger og Utstein er ein god løysing for den utfordringa som Finnøy isolert har, nemlig det å vere ein liten kommune med mange og kompliserte oppgåver. Rådmannen meiner likevel at Utstein-alternativet er hakket sterkare enn Stavanger. Rådmannen trur at dei sterke sidene ved Finnøy kommune i dag, som er nærdemokrati, lokalkunnskap og kort avstand, ville hatt betre vilkår i ein mellomstor og geografisk liten Utstein kommune enn i bykommunen Stavanger.

Rådmannen vil likevel anbefale Stavanger-alternativet. Dels fordi folkerøystinga i Finnøy ga eit tydelig

råd om Stavanger framfor Utstein, dels fordi Utstein-alternativet i realiteten ikkje er eit alternativ lenger. Innbyggjarane i Kvitsøy og Randaberg har avvist Utstein kommune, og innbyggjarane i Rennesøy har valt Stavanger-alternativet.